
Hjorteviltstrategi for Samnanger kommune

2026 – 2035



Foto: Johan Trygve Solheim©.



Samnanger
kommune



Datert 04.06.2026

Samandrag

Hjorteviltstrategi for Samnanger kommune er kommunen sitt måldokument og retningslinjer for hjorteviltforvaltninga i kommunen framover. Det byggjer på vurderingar av korleis bestandsutviklinga har vore utifrå tilgjengelege data og korleis ein ynskjer den vidare framover.

Hjorten er ein viktig utmarksressurs i kommunen. Bestanden skal forvaltast slik at det sikrar grunnlaget for ei langsiktig og stabil hausting av hjort som ein ressurs for jakt, naturopplevingar, matproduksjon og næringsutvikling. Dette utan at konfliktnivået i høve nærings- og andre samfunnsinteresser vert for stort. Forvaltninga skal òg sikre bestandar med sunne og friske dyr i god kondisjon utifrå dyra sin eigenverdi.

Måla for hjorteviltforvaltninga i Samnanger kommune

- Ha ei grunneigarstyrt, bestandsretta og kunnskapsbasert forvaltning.
- Redusere tettleiken på hjortestammen.
- Redusere omfanget av arealbrukskonfliktar.
- Snu den negative utviklinga for slaktevektar og kondisjon.
- Betre kjønnsstrukturen med meir vaksne hanndyr i hjortebestanden.
- Auke gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden. Kalv og ungdyr skal utgjere ein stor del av det samla jaktuttaket.
- Dei beste dyra skal gå att i skogen etter jakta.



Foto: Jon Anders Stavang©.

Innhold

Samandrag	2
Innleiing	4
Kva seier lovverket?	4
Forankring i nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt 2026–2030	5
Situasjonsbilete	6
Bestandsutvikling i litt historisk perspektiv	6
Valdstruktur og områdebruk	7
Avskyting og bestandsutvikling i nyare tid	8
Konsekvensar av for stor hjortebestand	11
Resultat frå overvakingsprogrammet for hjort	11
Vektutvikling hos kalvar og ungdyr	11
Reproduksjonsevna i hjortebestandane	11
Alderen til dyra i hjortebestandane	12
Årsaker til reduksjon av vekt og kondisjon	12
Beitekonkurransen	12
Alderen til dyra i bestandane	12
Nokre kjente sjukdomar og parasittar hos hjort	14
Skadar på jordbruksareal og skog	14
Konsekvensar for andre samfunnsområde	16
Trafikkulukker	16
Samandrag bestandsstatus og utvikling	16
Overordna forvaltningsmål for perioden 2026-2035	17
Korleis oppnå dei overordna måla?	17
Korleis oppnår vi dette i praksis?	18
Tidsaspekt for reduksjon av hjortestamma	19
Kommunale retningslinjer for organisering og valdstruktur	19
Kommunalt viltfond	23

Innleiing

Hjorten er ein naturleg og viktig del av faunaen i Samnanger kommune og kringliggande områder. Som eit praktfullt dyr bidreg han til opplevingar i naturen, og å møte hjorten i sine naturlege omgjevnader gjer turar og friluftsliv endå rikare.

Hjortejakta har stor betydning for mange, både som naturoppleving, matauk og næringsveg gjennom sal av fellingsløyve eller kjøt. Sidan hjorten ikkje i vesentleg grad har andre naturlege predatorar her i kommunen, er det mennesket som har ansvaret for å regulere bestanden og sikre balanse i naturen.

Samnanger kommune har som mål å oppnå ein robust og levedyktig hjortebestand i god kondisjon, som gir grunnlag for berekraftig hausting og verdiskaping. Samstundes skal bestanden ikkje vere så stor at han fører til urimelege tap eller ulemper for andre delar av samfunnet.

Dette dokumentet byggjer i stor grad på bidrag frå Norsk Hjorteviltssenter i samarbeid med kommunen. Kommunen takkar hjartleg for hjelpa og dei verdifulle innspela i prosessen. Opplysningane som ligg til grunn er henta frå Hjorteviltregisteret. Andre aktuelle kjelder er mellom anna Miljødirektoratet, Landbruksdirektoratet, Lovdata, Strategi for forvaltning av hjorteviltet 2026-2030, Veterinærinstituttet, NIBIO og Hordahjort-prosjektet.

Strategidokumentet har i april 2026 vore på høyring hos alle valda i kommunen, Bergenshalvøya bestandsplanområde, alle beitelaga i kommunen, Samnanger jeger og fisk, Midthordland bonde- og småbrukarlag, nabokommunane (Bergen, Bjørnafjorden, Kvam og Vaksdal), Statsforvaltaren i Vestland og Vestland Fylkeskommune. Relevante endringar og innspel er deretter innarbeidde frå dei aktuelle høyringspartane.

Formannskapet i Samnanger kommune har 4. juni 2026 vedteke sak 34/2023 Hjorteviltstrategien for Samnanger kommune 2026-2035.

Kva seier lovverket?

Lov jakt, fangst og felling av vilt (viltressursloven):

§ 1 Lovens formål

Lovens formål er å sikre at forvaltning av viltressursene gjennom jakt, fangst, felling og annen håndtering av vilt skjer på en bærekraftig og forsvarlig måte, i samsvar med naturmangfoldloven og dyrevelferdsloven.

Lov om forvaltning av naturens mangfold (Naturmangfoldlova)

§ 1 Formål

Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.

§ 5 Forvaltningsmål for arter

Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av.

Forvaltningsmålet etter første ledd gjelder ikke for fremmede organismer.

Det genetiske mangfold innenfor domestiserte arter skal forvaltes slik at det bidrar til å sikre ressursgrunnlaget for fremtiden.

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Lov om dyrevelferd (dyrevelferdslova)

§ 1. Formål

Formålet med loven er å fremme god dyrevelferd og respekt for dyr.

§ 3. Generelt om behandling av dyr

Dyr har egenverdi uavhengig av den nytteverdien de måtte ha for mennesker. Dyr skal behandles godt og beskyttes mot fare for unødige påkjenninger og belastninger.

Lov om skogbruk (Skogbrukslova)

§ 9. Forebyggjande tiltak

Der beiting av hjortevilt fører til vesentlege skadar på skog som er under forynging, eller der beitinga er ei vesentleg hindring for å overhalde plikta til å forynge skog etter § 6 i denne lova, skal kommunen som viltorgan vurdere om det er behov for å regulere bestanden av hjortevilt slik at beitetrykket blir redusert.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt (Hjorteviltforskrifta)

§ 1. Formål

Formålet med denne forskriften er at forvaltningen av hjortevilt ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal legges til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.

§ 3. Mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr

Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på naturmangfold, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.

Forankring i nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt 2026–2030

Det er i 2026 vedteke ein ny nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt for perioden 2026–2030, rapport nr. 17/2026. Visjonen til den nye hjorteviltstrategien er «*robuste bestander i en natur i endring*». Strategien gjev følgjande definisjon av omgrepet robuste bestandar:

«Med begrepet menes bestander med naturlig kjønns- og alderssammensetning, stor genetisk variasjon og gode muligheter for genflyt mellom delbestander. Individenes vekter og kondisjonsforhold skal gi grunnlag for tilfredsstillende fruktbarhet og naturlig overlevelse. Robuste bestander har best utgangspunkt for å mestre varierende klima, arealendringer, helsebelastning og menneskelige forstyrrelser nå og i framtiden.»

Strategien legg til rette for ei kunnskapsbasert og heilskapleg forvaltning av hjorteviltet, med sikte på å utvikle ein langsiktig haustingskultur som forvaltar ressursane på ein måte som er til det beste for hjorteviltartane. Strategien er strukturert rundt fem satsingsområde:


1. Grenselaus forvaltning
2. Arealbrukskonfliktar
3. Vilthelse
4. Framtidas jaktutøving
5. Hjorteviltet som næring

Dei fem satsingsområda i den nasjonale hjorteviltstrategien er lagde til grunn for den lokale hjorteviltstrategien. Gjennom mål og tiltak tilpassa lokale og regionale tilhøve følgjer strategien opp dei nasjonale føringane, med særleg vekt på kunnskapsbasert forvaltning, samarbeid på tvers av administrative grenser og utvikling av robuste bestandar.

Situasjonsbilette

Bestandsutvikling i litt historisk perspektiv

Som elles på Vestlandet har hjortestamma her vore i sterk vekst dei siste 30-40 åra. Ein har ikkje sikre tal på hjortetettleiken, men fellingstal og Sett hjort registreringar tyder på at det har vore god vekst i hjortestamma fram mot 2020. Etter dette har veksten stogga og ein har siste året mest truleg hatt ein liten reduksjon i bestandstettleik.



Figur 1: Syner tal felte hjort per år frå 1986 til 2025 i Samnanger kommune

Med litt årlege variasjonar har det vore ein jamn auke i talet felte hjort gjennom heile perioden. Fellingstalet er auka frå 50 felte hjort i 1986 til 237 siste året. Høgste talet er i 2024 med 243 felte hjort.

Sjølv om bestandstettleiken no er stor er hjorten likevel ikkje jamt fordelt utover i kommunen. Etter kvart som hjortestamma har vakse og næringskonkurransen aukar i dei mest attraktive områda har det òg etter kvart vorte meir hjort i område der det var lite eller ingen hjort i tidlegare. Dette medfører at enkelte område, utifrå eit grunneigar- og jaktperspektiv, har passeleg med hjort i dag. Bestandsreduksjon vil fyrst merkast i dei meir «marginale» områda medan det i dei mest attraktive områda framleis vil vere for mykje hjort. Hjortestamma kan likevel ikkje bli forvalta på ein slik måte at jaktutbyttet i områda med lågast hjortebestand skal styra uttaket av hjort i heile kommunen.

Utifrå omsynet til m.o.a. skadeomfang på landbruksnæringane og vekt og kondisjonsutviklinga hos hjorten meiner ein hjortestamma no er for stor.

Det er og for lite vaksne hanndyr i høve hodyr hjortebestandane noko som er uheldig for brunst og reproduksjon.


Valdstruktur og områdebruk

I kommunen finst åtte vald, og berre nokre få av desse er for små til å ha eigen bestandsplan. Teljande areal vaierar mellom rundt 3 000 daa til rundt 43 000 daa. Dei fleste valda har eigen bestandsplan, eller inngår i eit bestandsplanområde – for Samnanger kommune gjeld dette Bergenshalvøya bestandsplanområde. Bergenshalvøya bestandsplanområde er basert geografisk ut frå merkeprosjektet Hordahjort og inkluderer Samnanger kommune, Bjørnafjorden kommune vest (gamle Os kommune), samt Bergen kommune. Det er ingen innmeldte vald frå Bergen kommune per i dag, og oppslutninga har enno stort potensiale i Samnanger og Bjørnafjorden kommunar.

Store delar av hjortebestandane brukar gjennom året til dels store område. Dette i hovudsak gjennom sesongtrekk frå meir typiske vinterområde i lågareliggande fjordstrok mot sumarområde i meir høgareliggande område.


Samnanger kommune strekkjer seg rundt Samnangerfjorden med mykje skogsområde og noko jordbruk i dei lågareliggande områda mot fjorden. Ovanom skogen er det snaufjellsområde som grensar mot kommunane Bjørnafjorden i sør, Kvam mot aust, Vaksdal i nord og Bergen i vest. Her er hjort som trekkjer til og frå alle desse kommunane.

Utifrå resultat frå GPS merka hjort gjennom prosjektet «Hordahjort» vart det definert årsleveområde for ulike hjortebestandar. Dei kartlagde trekkvegane til merka hjort i området tyder at hjortestamma i Samnanger deler årsleveområde med tilgrensande kommunar. Dette kan vere hjort med vinterområde i Samnanger som trekk mot høgareliggande område i andre kommunar eller omvendt.




Figur 2: Syner avgrensing av årsleveområdet der hjorten i Samnanger inngår i eit felles årsleveområde med nabokommunane.

Avskyting og bestandsutvikling i nyare tid




Figur 3: Felling av hjort 2011-2025, Samnanger kommune.

Som figur 4 syner så vart tildeling av fellingsløyve auka ein god del frå 2022 og fellinga auka noko men ikkje tilsvarende tildelinga og fellingsprosenten gjekk ned.



Figur 4: Syner kor mange dyr av ulike kategoriar som årleg er felte på venstre akse og tal felte hjort totalt på høgre akse.

Figur 5 syner at vi gradvis går i rett retning når det gjeld rett avskyting av hjort, med omsyn til kjønn og alder. Auken i avskytinga dei seinare åra har i hovudsak vore gjort ved å ta ut fleire kalvar og hodyr. Dette er positivt i høve å auke gjennomsnittsalderen og betre kjønnsbalansen. Talet felte spissbukk og bukk har vore relativt jamt gjennom heile perioden, medan ein siste åra har teke ut fleire koller og fjorkoller. Kalvar er her ikkje skilt på kjønn, men med litt årlege variasjonar er dei rimeleg jamt fordelt mellom kjønn.




Figur 5 Syner indeksen for Sett hjort per jegerdag på venstre akse og tal felte hjort på høyre.

Dei seinare åra har bruk av termiske kikkertar for å lokalisere hjort og termiske kikkertsikte vorte meir og meir vanleg. Dette er med å effektivisere jakta og gjer at det vert observert fleire hjort enn utan slike hjelpemiddel. Resultat av ei nyleg undersøking kring bruken av slike hjelpemiddel tyder at dette etter kvart er vanleg i mange jaktlag og at det vert observert og registrert langt fleire hjort enn utan slike hjelpemiddel. Dette er med på å påverke indeksen for Sett hjort slik at indeksen kan vere aukande sjølv om populasjonen er minkande.

Ein reknar at om lag 85 % av hjorten dør av ei kule. Jakta har såleis stor verknad på bestandsutvikling, men det vil likevel vere naturlege variasjonar grunna ulike vêrtilhøve frå år til år som igjen påverkar beitekvalitet, vektutvikling og vinteroverleving fyrst og fremst for kalvar. Dette kan medføre lokale bestandsendringar som ein ikkje lett fangar opp.


Sett hjort data vert registrert særskilt for innmark og utmark. Sett hjort data frå innmarksjakt syner seg å variere mykje einskilde år utan at det kan forklarast utifrå bestandsmessige tilhøve. Ein reknar difor at tala frå utmarksjakt gjev dei sikraste indikasjonane på bestandsvariasjonar. Sett Hjort er eit statistisk verktøy og kvaliteten og presisjonen i indeksane aukar med auka datamengd/registreringar. Tilfeldige avvik og feilregistreringar vil gjere mindre utslag dess større datamengd som ligg bak.



Figur 6 Syner fordelinga av jaktuttaket for alle årsklassar samla

Hjorteviltstrategi – Samnanger kommune – 2026 - 2035

Fordelinga av jaktuttaket på kjønn har vore varierende, og frå ei overvekt av hanndyr i åra før 2023 er dette no snudd til ei overvekt av hodyr dei siste åra.



Figur 7 Syner indeksen for Sett kolle per bukk ved jakt i utmark.

Trenden for indeksen Sett kolle per bukk i perioden er aukande trass ein markert nedgang siste året (Figur 8). Nedgangen siste året samsvarar med at ein dei 2 siste åra har hatt ei overvekt av hodyr i uttaket. Indeksen er framleis høg noko som tyder at det er relativt lite bukkar i høve koller i bestandane.

Utifrå ei samla vurdering av data over sett og skoten hjort, samt fellingsprosent meiner ein at veksten i populasjonen dei siste åra er stogga og at ein siste åra truleg har hatt ein mindre reduksjon. Reduksjonen er likevel ikkje stor nok til at det har nokon effekt av betydning på bestandsmessige tilhøve som reduserte vektorer og kondisjon hos dyra eller skade på skog og innmarksareal.




Små koller må gjerne verte 3 år før dei kan få sin første kalv. Foto: Jon Anders Stvang.

Konsekvensar av for stor hjortebestand

Resultat frå overvåkingsprogrammet for hjort

Overvåkingsprogrammet for hjortevilt som har samla inn kjevar og ovariar frå felte hjort i lag med data om slaktevekt, fellingstidspunkt m.v. har gjeve mykje kunnskap om bestandsstruktur, vektutvikling og reproduksjonsemne i hjortebestandane. På Vestlandet har det vore samla inn materiale frå felt hjort i 2 regionar – region sør (tl. Kvinherad kommune) og region nord (tl. Flora kommune) sidan 1991. Då avskytings mønster og bestandsutviklinga har vore mykje godt lik for heile Vestlandet i perioden kan data frå overvåkingsregionane overførast/nyttast i andre område.

Vektutvikling hos kalvar og ungdry



Figur 9: syner utviklinga av slaktevektene for kalvar og 1,5 årige dyr for region Vestland Sør (tl. Kvinnherad kommune). Data for perioden 1992 – 2021. Alle vekt er datokorrigert til 1. oktober.

I takt med bestandsauken ein har hatt sidan 1980 talet og framover har slaktevektene for kalvar og ungdry gått ned. Mønsteret er mykje godt likt i dei andre overvåkingsregionane på Vestlandet. Slaktevektene for kalvar og ungdry aukar gjennom jaktida og vektene her er korrigert til 1 oktober. Kondisjonen/holdet til dyra har og blitt dålegare noko som medfører mindre robuste dyr i høve vinteroverleving om det skulle bli ein vinter med mykje snø. Dette gjer bestandane meir ustabile og varierende med ulik vinteroverleving og reproduksjon mellom år.

Reproduksjonsevna i hjortebestandane

Reproduksjonsevna i bestandane har og gått ned i takt med vektreduksjonen då andelen 1,5 årige hodyr som kjem i brunst og får fram kalvar som 2 åringar er sterkt redusert. Dette er direkte vekt/kondisjonsavhengig. For region Vestland nord som er mest nærliggande å samanlikne med her inngår i dag areala i Kinn kommune som ligg i tidlegare Flora kommune, her har det i lengre tid vore under 20 % av 1,5 årige koller som går i brunst.

Ein del hodyr med låg vekt/dårleg kondisjon tek heller ikkje kalv som 2,5 åringar. Ungdyra utgjør ein stor del av bestanden og dette påverkar såleis den totale produksjonsevna i bestanden negativt då ein må ha fleire dyr for å produsere ei viss mengde kalvar samanlikna med ein bestand der ein større del av hodyra produserer kalv.

Forutan at små kalvar er dårlegare rusta for å kunne klare fyrste vinteren, som mange stader tidvis kan vere eit nålauge, vil desse små kalvane heller aldri kunne vekse seg store. Dei vil bli små dyr både som ungdry og vidare utover i livet. Små dyr fostrar vanlegvis små kalvar,

men her kan alderen til ein viss grad kompensere noko då eldre koller fostrar større kalvar enn yngre koller. Alderen på dei vaksne hodyra i bestanden er såleis med å påverke overlevelsen hos kalvane og vekter på kalvar og ungdyr. I ein bestand med høg gjennomsnittsalder på kollene og med det ein stor del produktive koller, kan ein ha ein lågare hjortebestand som produserer fleire avkom enn ein hjortebestand med lågare gjennomsnittsalder.

Alderen til dyra i hjortebestandane

NINA har med bakgrunn i det innsamla materialet i Overvåkingsprogrammet sett på utfordringar i høve framtidig forvaltning av hjortebestandane på Vestlandet (NINA Rapport 571). Dei har då m.o.a. freista å rekonstruere korleis hjortebestandane i dei ulike regionane såg ut før jakt i 2006.

Overvåkingsområde	G. alder koller	Tal koller i bestand	G. alder bukkar	Tal bukk i bestand
Vestland sør	5,0 år	2334	3,4 år	633
Vestland nord	5,2 år	2562	3,0 år	693
Trøndelag	5,2 år	1352	3,0 år	431

Figur 10: Tabellen viser tal og gjennomsnittsalder for dyr 2 år og eldre i dei rekonstruerte bestandane i overvåkingsregionane på Vestlandet og i Trøndelag.

Utifrå dette har dei m.o.a. berekna gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra (2 år og eldre) i bestandane. Ein reknar at hodyr i alder mellom 5 og 16 – 17 år er dei beste produksjonsdyra og at tilstrekkeleg med store hanndyr i alder frå ca. 5 – 13 år er viktige i høve brunst og reproduksjon. Som Figur 10 syner så var gjennomsnittsalderen i høve dette låg.

Årsaker til reduksjon av vekt og kondisjon

Det er ei rekkje tilhøve som kan påverke slaktevektene til kalvane som òg er avgjerande for kor store dei vert som vaksne dyr. Både beitekvalitet, beitekonkurranse, kalvingstidspunkt og alderen på dei vaksne dyra i bestanden spelar inn her.

Beitekonkurranse

Auka konkurranse om den beste og mest næringsrike maten er ein vanleg årsak til at auka bestandstettleik medfører reduserte kroppsvektar for hjort og andre gras/planteetande dyr. Vinterbeitet handlar for mange berre om å overleve med minst mogleg tap av kroppsvekt, mens det er i vekstsesongen på sommarhalvåret dyra veks og legg opp opplagsnæring til å tære på gjennom vinteren. Det er såleis sumarbeitet som er avgjerande for kroppsstorleiken og kondisjonen til dyra. Ved aukande bestandstettleik vert det konkurranse om dei mest næringsrike og attraktive beiteplantane. Dette betyr ikkje at dyra går rundt og svelt, men at dei får tilgang til mindre av dei mest verdfulle beiteplantane og fylgjeleg ikkje så god vekt/kondisjonsutvikling som dei kunne ha hatt.


Alderen til dyra i bestandane

I høve kalvevektene så er det ikkje berre bestandstettleiken og beitekonkurranse som spelar inn, men kalvingstidspunktet er og avgjerande for vektutviklinga til kalvane. Tidleg kalving vert rekna som ein stor fordel då kalvane får med seg meir av den produktive tida tidleg på sumaren med høgt proteininnhald i vegetasjonen.

Store og eldre koller i god kondisjon kjem tidleg i brunst og før oftast fram store kalvar som vert kalva tidleg. Dette har stor betydning for vektutviklinga til kalvane og dermed og kor store dei vert som vaksne. Koller som vert para seint kan kompensere for dette ved å korte ned drektigheitstida noko. Dette inneber då ofte mindre og svakare kalvar som likevel vert fødde seint og er såleis enno mindre positivt i høve vektutviklinga.

Å ha tilstrekkeleg med vaksne hanndyr i bestanden har og verknad for kalvevektene. Brøling og anna brunstaktivitet til dei eldre bukkane er med på å framskande og synkronisere brunsten hos kollene. Kolla må parast innan eit tidsrom på om lag eit døger dersom det skal verte kalv. Om den ikkje vert para då kan den gå i brunst igjen om ca 18 dagar. Dette inneber seinare paring som er avgjerande for kalvevektene. Godt vaksne hanndyr som har samla seg eit «harem» som dei fylgjer har erfaring og vil kunne pare kollene når dei er klare. Kollene er og primært ute etter å pare seg med store og dominerande bukkar. Mangel på vaksne bukkar reknar ein difor kan vere årsak til at koller ikkje vert para ved fyrste brunst og dermed ombrunst og seinare paring/kalving.

Bukkar har i Flora som elles på Vestlandet tidlegare utgjort ein alt for stor del av det samla jaktuttaket. Over tid har no hanndyr samla og særleg bukkar utgjort ein minkande del av det samla jaktuttaket og har dei siste åra utgjort kring 15 %. I lag med at kalv og ungdyr har utgjort ein aukande del av jaktuttaket ser ein auke i gjennomsnittsalderen for felte dyr som er 2 år og eldre. Men gjennomsnittsalderen særleg for hanndyr er framleis låg i tillegg til at det framleis er for få hanndyr i høve hodyr.



Figur 11: syner gjennomsnittsalderen til felte hann og hodyr 2 år og eldre i lag med andelen kalv og ungdyr i jaktuttaket frå tidlegare Flora kommune som no utgjer overvåkingsregionen Vestland nord.

Nokre kjente sjukdomar og parasittar hos hjort

- Flått: Skogflått (*Ixodes ricinus*) er ein utbreidd parasitt i Noreg og er påvist på ville hjortedyr. Flåtten fungerer som vektor for ulike smittestoff, blant anna bakterien som orsakar borreliose, og kan påverke både dyreliv og menneske.¹
- Hjortevorter: Fibropapillomatose, det vil seie hudvorter, er registrert hos hjort i fleire område i Vestland. Vortene er ein del av det som blir overvaka i Veterinærinstituttets helseovervåkingsprogram for vilt.²
- Hjernemark³: Hjernemark (*Elphostrongylus*) er ein vanleg parasitt på hjortedyr i Noreg. Det er oftast kalvane som blir smitta.⁴
- Leverikter⁵: Den store leverikten (*Fasciola hepatica*) er vanleg hos hjort, men er lite undersøkt. Parasitten trives best i fuktige område med mildt klima og er omtalt som parasitt hos drøvtyggjarar i Noreg.⁶
- CWD (Chronic Wasting Disease / skrantesjuka): Prionsjukdom i slekt med kugalskap og skrapesjuka, påvist hos villrein og overvaka hos hjort i Noreg. I 2017 blei sjukdomen påvist hos hjort.⁷

Les om ytterlegare sjukdomar og parasittar hos Veterinærinstituttet på denne lenkja: [Trykk her.](#)

Skadar på jordbruksareal og skog

Beiteskadar på skog

Ein høg bestand av hjort i skogen fører til betydelege skadar på skogressursane. Dei mest alvorlege skadane oppstår på nyplanta skog i vinterhalvåret. Hjorten beitlar på toppskota til nyplantar, noko som ofte fører til at plantene dør, eller blir så sterkt skadde at vidare vekst vert sterkt redusert.

Om vinteren utgjer skot på nyplantar og bark på tre i eldre hogstklassar (særleg klasse 3 og 4) ein viktig del av føda til hjorten. Dette fører til betydelege tap og aukar behovet for suppleringsplanting. På ein eigedom i Samnanger kommune var det i perioden 2014–2025 naudsynt å supplere med om lag 30 000 plantar etter omfattande hjorteskarar. Dette tilsvarar ein kostnad på om lag 300 000 kroner berre til supplering, i tillegg til tapte investeringar knytte til etablering av ny skog.

Barkgnaging er òg eit betydeleg problem. Skadar på barken gir inngang for soppsjukdomar, som igjen kan føre til rotrøte og i effekten svekka stabilitet i skogen. Dette gjeld særleg når mange tre på eit avgrensa areal vert skadde. I tillegg vert kvaliteten på tømmeret redusert, noko som gir direkte økonomisk tap.

Barkgnaging opptrer oftast i periodar med mykje snø. Då har hjorten avgrensa tilgang på annan vegetasjon, og må dekkje behovet for næringsstoff ved å gnage bark. Dette gjeld særleg gran og furu.

Ved juletreproduksjon må det takast særleg omsyn til hjorteskarar. Edelgran, som er eit av dei mest brukte treslaga til juletre, er blant dei mest utsette treslaga for hjorteskarar i

¹ <https://www.vetinst.no/sykdom-og-agens/borreliose>

² <https://www.vetinst.no/sykdom-og-agens/fibropapillomatose>

³ <https://www.vetinst.no/sykdom-og-agens/hjernemark-elaphostrongylose>

⁴ <https://www.vetinst.no/dyr/vilt/arsaker-til-unormal-atferd-hos-hjortevilt>

⁵ <https://www.vetinst.no/sykdom-og-agens/den-stor-leverikten-fasciola-hepatica>

⁶ <https://www.vetinst.no/dyr/vilt/unormale-slaktesfunn>

⁷ <https://www.vetinst.no/sykdom-og-agens/chronic-wasting-disease-skrantesjuka>

Europa. Kostnadene knytte til førebygging av slike skadar kan i mange tilfelle overstige den økonomiske gevinsten ved produksjonen.

Beiting frå hjort på grasavling

Beiting frå hjort rammar særleg andre og tredje slått. Fleire rapporterer om store avlingstap som følgje av hjort på innmarka. Tapet kjem i hovudsak til uttrykk som redusert avlingsmengd, men òg som dårlegare fôrqualität grunna tilgrising av enga med hjorteavføring.

I nokre tilfelle er det ikkje økonomisk forsvarleg å hauste areal ved andre og tredje slått. Samstundes har kostnadene til innsatsfaktorar, særleg kunstgjødsel, auka dei siste åra, noko som forsterkar dei økonomiske konsekvensane.

I tilfelle der ein erstattar med meir beitestærke grasartar så vil desse gjerne ha lågare fôrverdi og produksjon, noko som medfører at enga må fornyast oftare om ein skal oppretthalde ein høg fôrproduksjon.

Nokre stader kan ein sjå at dyra beiter heile vekstsesongen på eng. Dette er gjerne kolle med kalv, eller bukkeflokkar som har etablert eit slikt beitemønster. For å avgrense skade kan det søkjast om skadefellingsløyve for å ta ut einskildindivid. Det kan vere utfordrande å sjå om kolla har kalv på dette tidspunktet og ein må derfor vente med slike uttak til kalven fylgjer mora på beite. Ved å starte jakta tidleg, frå 1. september (jaktstart), kan ein gjennom den ordinære jakta rette innsatsen mot dei dyra som oppheld seg på innmark gjennom sesongen. På den måten kan ein få teke ut dei stasjonære dyra før trekkdyra kjem i rørsle.

Det er mogleg å søkje tilskot frå viltfondet til inngjerding av attlegg. Full inngjerding av engareal vil derimot vere for kostnadskevande, og kan i tillegg medføre praktiske utfordringar knytte til drift og landskap. Slike tiltak vil difor normalt ikkje kunne støttast gjennom viltfondet.

Skadar på rundballar og behov for sikring

I mange område er det vanskeleg å lagre rundballar utan sikring. Der hjort kjem til rundballane, oppstår det ofte skadar som fører til feilgjæring og redusert eller øydelagt fôrqualität.


Rundballelager bør difor gjerdast inn eller sikrast på andre måtar i område der hjort oppheld seg vinterstid. Det kan søkjast tilskot frå viltfondet til slike tiltak. Gjennom ordninga Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) kan det òg søkjast støtte til opparbeiding av eigna lagringsplassar for rundballar.

Hjort i nærleiken av busetnad

Hjort som oppheld seg nær busetnad kan skape utfordringar for innbyggjarane, mellom anna gjennom skadar på hagar, frukttre og på gravplassar m.v.. I nokre tilfelle kan hjort opplevast som nærgåande, noko som for enkelte kan gi ei kjensle av utryggleik. I slike tilfelle vil inngjerding vere ei førebyggjande løysing for hagar, frukttre m.v.. Vidare kan ein forsøke å ta ut disse einskilde dyra som gjerne har vorte lite sky for folk og vanskelege å jaga gjennom jakt. Skadefellingsløyve vil vere siste utveg i slike tilfelle.

Konsekvensar for andre samfunnsområde

Trafikkulukker



Figur 12: syner tal registrerte påkøyringar på venstre akse og tal felte hjort på høgre.

Dei siste åra har det vore registrert mellom 9 og 19 samanstøyt mellom bil og hjort årleg⁸ i Samnanger kommune. I tillegg kjem noko mørketal grunna at det ikkje vert meldt frå om påkøyrslar. Hovudtyngda av påkøyringar skjer vår og haust og det er store årlege variasjonar som mest truleg skuldast varierende vertilhøve (snø, nedbør sikt). Trenden er svakt stigande i takt med bestandsveksten ein har hatt. Ulukkene er eit problem for dyrevelferda og fører til livsfarlege situasjonar for menneske som er involverte.

Samandrag bestandsstatus og utvikling

Som elles på vestlandet har det lenge vore god vekst i hjortebestanden i kommunen. Avskytinga er auka frå om lag 50 felte hjort årleg på byrjinga av 1990 talet til kring 240 felte dei seinare åra. Resultat frå Overvåkingsprogrammet for hjort (Figur 9) syner at i takt med bestandsveksten så har slaktevektar og kondisjon for dyra vorte redusert. Samstundes så har beiteskadar av hjort vorte eit aukande problem for landbruksnæringane og medfører betydeleg økonomisk tap for mange bønder. Dei seinare åra har målsetjinga difor vore å stogge veksten og å redusere bestanden.

Tildeling av fellingsløyve og felte hjort har vore auka ein god del dei siste 4 åra og ein meiner no at bestandsveksten er stogga og at ein siste året har hatt ein liten reduksjon. Reduksjonen er likevel ikkje stor nok til at det har nokon effekt av betydning på bestandsmessige tilhøve som reduserte vektar og kondisjon hos dyra eller skade på skog og innmarksareal.

Grunna ei overvekt av hanndyr i jaktuttaket over tid er kjønnsbalansen i bestanden dårleg med lite vaksne hanndyr i høve hodyr. Dei 2 siste åra har ein hatt ei overvekt av hodyr i jaktuttaket og indeksen for Sett kolle per bukk (Figur 8) tyder på ei lita betring i høve dette. Det er framleis lite hanndyr i høve hodyr og jaktuttaket framover bør ha ei overvekt av hodyr for å betre dette.

⁸ Data frå hjorteviltregisteret

Ein stor del av jaktuttaket har lenge vore på mykje vaksne dyr og for lite kalv. Dette har medført låg gjennomsnittsalder for dei vaksne dyra i bestanden (Figur 10) noko som er uheldig i høve vekt og kondisjonsutvikling. Auken av jaktuttaket dei seinare åra er i hovudsak gjort ved å ta ut langt fleire kalvar enn tidlegare. Resultat frå Overvåkingsprogrammet (Figur 11) syner at dette har positiv effekt på gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden. Ein bør såleis oppretthalde ein stor del kalv i jaktuttaket vidare.

Overordna forvaltningsmål for perioden 2026-2035

Bestandsretta, kunnskapsbasert og grunneigarstyrt forvaltning av hjortebestandane. Forvaltninga skal i hovudsak gjerast ved bestandsplanar.

Redusere bestanden og legge til rette for eit stabilt jaktuttak. Forvaltninga skal ivareta omsynet til berekraftig utvikling og utnytting av hjortepopulasjonen for langsiktig hausting.

Sikre bestandar med sunne og friske dyr i god kondisjon. Uttak av hjort skal leggja til rette for nær naturleg aldersstruktur og nærmare naturleg kjønnsamansetting i bestanden for å betra brunstdynamikk, reproduksjon og kroppsvekt.

Redusere omfanget av arealbrukskonfliktar i høve andre interesser, til dømes skader på jordbruksareal/avlingar og skog, og påkøyringar/kollisjonar mellom hjort og motorkøyretøy.

Korleis oppnå dei overordna måla?

Ha ei grunneigarstyrt og kunnskapsbasert forvaltning

Forvaltninga av hjortebestandane i kommunen skal vere grunneigarstyrt og kunnskapsbasert, og ta utgangspunkt i bestandane sitt naturlege utbreiings- og leveområde. I praksis inneber dette at forvaltninga i hovudsak skal skje gjennom bestandsplanar, anten som eigne bestandsplanar for valda eller gjennom deltaking i bestandsplanområde.

I kommunen har dei fleste valda bestandsplan, anten gjennom eigen plan eller gjennom eit bestandsplanområde. Når eit vald har eigen bestandsplan, ligg det godt til rette for lokal og grunneigardriven forvaltning. Desse moglegheitene vert ytterlegare styrkte når valda inngår i større bestandsplanområde, då dette gjev betre høve til å forvalte bestanden i samsvar med hjorten sitt faktiske opphald og arealbruk gjennom året.

Kommunen arbeider for høg oppslutning om bestandsplanområde, mellom anna gjennom informasjon i samband med løyvetildeling og handsaming av forvaltningssaker. Differensierte satsar på fellingsavgift vert nytta som verkemiddel for å stimulere til større vald, eigen bestandsplan eller deltaking i bestandsplanområde, ei ordning kommunen vil halde fram med. Bestandsplanområda har samstundes ei sentral rolle i å leggja til rette for god oppslutning blant valda gjennom informasjon, samarbeid og aktiv involvering av grunneigarar og jegerar.

For å få til ei heilskapleg forvaltning er samarbeid mellom grunneigarar, jegerar og valdstyra avgjerande. Kommunen vil leggje vekt på praksis på tvers av kommunegrenser og sjå eigne mål i samanheng med målsettingar i nabokommunane, då hjortebestandane nyttar areal over fleire kommunar, og vil halde fram med å styrkje det interkommunale samarbeidet om hjorteviltforvaltning.

Registreringar av «sett hjort» er det viktigaste verktøyet ein i dag har for å følgje med på bestandsutvikling og endringar over tid. For at dette verktøyet skal fungere best mogleg, er det naudsynt med høg og jamn rapportering frå jakta. Oppslutning rundt dette bør oppmodast om.

Avskytingsmønster og bestandsutvikling har vore relativt samanfallande over store delar av Vestlandet sidan Overvåkingsprogrammet for hjortevilt starta tidleg på 1990-talet. Data og

kunnskap frå overvåkingsregionane på Vestlandet er difor relevante, og kan og bør nyttast som ein del av kunnskapsgrunnlaget i den lokale forvaltninga.

Redusere tettleiken på hjortestammen

Det har lenge hatt god vekst i populasjonen og talet felte hjort har med litt årlege svingingar auka jamt gjennom heile perioden (figur 4). I takt med bestandsveksten har slaktevekta til dyra vore minkande noko som er uheldig i høve kondisjon/ overleving og reproduksjon. Det er og omfattande skader på jordbruksproduksjon og skogbruk grunna beiting av hjort i delar av kommunen. Dei siste åra kan det utifrå indeksen for Sett hjort per jegerdag sjå ut til at veksten er redusert og at ein siste året har ein liten reduksjon av populasjon (Figur 6). For å oppnå ein reduksjon av noko betyding må ein oppretthalde eit uttak på nivå som dei siste åra vidare framover.

Ein manglar tal for bestandsstorleik og det er såleis vanskeleg å setje noko konkret eller målbart mål for storleiken av reduksjonen. Sett hjort per jegerdag seier noko om endringar i storleik, men ikkje noko om total storleik. Indeksen er og dei seinare åra påverka av meir bruk av termiske hjelpemiddel for å finne hjort. Dette må ein teke omsyn til når ein ser på indeksen. Det er likevel eit mål at indeksen for Sett hjort per jegerdag ved jakt i utmark skal minke.

Ein reduksjon av hjortestammen vil kunne bidra til å redusere arealbrukskonfliktar i høve til andre samfunnsinteresser, mellom anna landbruk, skog og trafikktryggleik.

Alders- og kjønnsbalansert bestandsforvaltning

Forvaltninga skal leggje til rette for å auke gjennomsnittsalderen på dei vaksne dyra i hjortebestandane, både for hanndyr og hodyr. Kalv skal utgjere ein betydeleg del av det samla jaktuttaket, og bør utgjere minst 30 prosent, samstundes som det skal vere ei tydeleg overvekt av hodyr i uttaket. Dette vil på sikt bidra til auka andel eldre hanndyr i bestanden.

Over tid har ein sett ei overvekt av hanndyr i jaktuttaket, noko som har ført til for få vaksne bukkar (5 år og eldre) i bestandane. Ein meir balansert avskyting, med vekt på kalv og koller, vil gje betre føresetnader for ein naturleg alders- og kjønnsstruktur. Det er vidare ønskjeleg å leggje til rette for at fleire koller får nå høgare alder og vert para som eldre dyr, då dette kan bidra til betre reproduksjon, meir samstemt brunst og ein meir robust bestand.

Ved å redusere bestandstettleiken, auke gjennomsnittsalderen og sikre ein høgare del eldre hanndyr og koller, vil ein leggja eit godt grunnlag for å betre gjennomsnittsvekt og kondisjon i dei ulike aldersgruppene. Status for bestandsutviklinga og om forvaltninga er i tråd med mål og tiltak skal vurderast årleg.

Korleis oppnår vi dette i praksis?

- Jaktuttaket dei fyrste åra må minst vere på nivå med siste 2 åra.
- Jaktuttaket framover skal ha ei overvekt av hodyr, spesielt små og unge hodyr.
- Kalv og ungdyr skal utgjere ein stor del av jaktuttaket.
 - Kalv skal utgjere minst 30%.
- Ved å skyta færre eldre koller og spesielt færre eldre bukkar.
- I reduksjonsfasen er det viktig å få teke ut dei dyra som etablerer seg på innmark. Ein vesentleg del av jakta bør vere på innmark tidleg i jakta for å ta ut dyr som etablerer seg som "bøtjuvar".
- Kommunen skal stimulera til kompetanseoppbygging for valda (jegerar/grunneigarar) via kursverksemd. Viltfondmidlar kan nyttast til dette.

Tidsaspekt for reduksjon av hjortestamma

Utifrå erfaringane frå dei siste åra med auka tildelingar og minkande fellingsprosent kan det synest lite realistisk å få nokon større reduksjon på kort tid. Ved å auke uttaket i hovudsak med å ta ut meir kalv som er gjort til no vil dette og ta noko tid. For å betre kjønnsbalansen må ein og ta ut ein større del hodyr enn tidlegare. Dess større del hodyr ein får tatt ut dess snarare vil reduksjonen gå.

Etter kvart jaktår skal det vera ei grundig evaluering av utviklinga, som leggjast frem gjennom ein årleg evalueringsrapport som sendast til valda.

Kommunale retningslinjer for organisering og valdstruktur

Teljande areal

Som grunnlag for teljande areal vert godkjent alt areal under 600 m.o.h. med fråtrekk for areal som inngår i AR5-kategorien "Bebyggd, samf., vatn og bre" og omdisponert areal.

Minsteareal og fellingsavgift

Minsteareal vert fastsett i forskrift om opning av jakt og skal justerast utifrå aktuelt bestandsnivå. Fellingsavgifta skal årleg fastsettast gjennom forskrift om opning av jakt.

Kvotefri jakt på kalv

Ei årleg søknadsordning både for kommunen og valda. Kommunen søker årleg Landbruksdirektoratet om moglegheit til å nytta ordninga for kvotefri jakt på kalv, når kommunen får ei evt. godkjenning til dette vil valda kunne søkje på denne ordninga. Informasjon vil leggjast på Bjørnafjorden landbrukskontor si nettside.

Overvakingsprogrammet for hjortevilt 2022-2026 – delprosjekt HJORT

Gjennom det nasjonale bestandsovervakingsprogrammet for hjortevilt, følger NINA bestandsutviklinga til villrein, hjort og elg i store deler av landet. Hovudfokus er retta mot dyras vitalitet, kondisjonstilstand/vekt, fruktbarheit og beitetilbod. Programmet vart etablert i 1991 og er eigd og finansiert av Miljødirektoratet. Inneverande kontraktperiode mellom NINA og direktoratet omfattar jaktseongane 2022-2026. Programmet er langsiktig. Vi forventar at prosjektet held fram vidare.

Overvakingsregionar for hjort

Frå og med 2023 er Samnanger og deler av Bjørnafjorden kommune innlema i prosjektet. Følgande kommunar inngår i overvakingsprogrammet på Vestland:

- Vestland nord: Kinn (bere vald i gamle Flora kommune)
- **Vestland sør: Bergen, Samnanger, Bjørnafjorden (bere vald i gamle Os kommune)**

Innsamling av kjevar

Underkjeven frå felte dyr og fallvilt kan gi viktig informasjon til både forvaltning og forskning. Tennene vert bruka til å bestemme alder, mens mål av kjeven gir opplysningar om dyrets storleik og vekstforhold. I kombinasjon med individdata gir materialet både forskarar og den lokale forvaltninga moglegheit til å følgje utviklinga i bestandanes aldersstruktur og vekstforhold.

Valda samlar inn underkjevar frå alle felte hjort (kalvar, eittåringar og eldre dyr av begge kjønn) og merker med utlevert merkelapp som dei fyll ut og leverer kjevane på oppgitt plass (årleg informasjon kjem saman med løyvetildelinga).

Analyseresultata


Data og resultatata frå analysane vil rapporterast via Hjorteviltregisterets på våren, året etter at

Hjorteviltstrategi – Samnanger kommune – 2026 - 2035

innsamlinga vert gjennomført (normalt før 1. juni). Rapportar frå overvakingsprogrammet vert lagt fortløpande ut på [NINAs heimeside](#).

Ytterlegare informasjon om innsamling av materiale frå hjortevilt finn du [her](#).

Foreløpig er det berre data frå jaktseasonen 2023/24, 2024/25, og 2025/26 (per. 25.3.2026 Hjorteviltregisteret) som er klare:



Vald i bestandsplanområde / Vald med bestandsplan

For å få godkjent bestandsplan (fleirårig plan) må valdet være minst 20 gonger gjeldande minsteareal. Planen skal ha ein varigheit på to til fem år. Kva planen skal innehalde finn de i kommentarrundskrivet til hjorteviltforskrifta

Vald med bestandsplan:

- For vald med eige bestandsplan vil ein plan på 3 år vere å føretrekke.
- Kommunen kan akseptere flytting av 10% fellingsløyve mellom år i planperiode, i tråd med Miljødirektoratets anbefaling (kvote som ikkje blir brukt eitt år, kan flyttast til neste år. På same måte kan ei overbeskattning bli godteken eitt år, men då blir tilsvarande mengd trekt frå kvota året etter).
- Det vil setje krav om ein skriftleg evaluering av årets jakt, årleg. Av evalueringa skal der framkomme korleis årets jakt bidreg til å oppfylle kommunale mål og måla i bestandsplanen.

Bestandsplanområde:

- For bestandsplanområde vil ein plan på 3-5år vere å føretrekke.
- For bestandsplanområde kan kommunen akseptere at inntil 25 % av kvota flyttast eitt år fram eller tilbake. Dette gir større fleksibilitet i forvaltninga når ein arbeider på tvers av større geografiske område, særleg i periodar der bestandane skal reduserast. Ei slik ordning kan òg verke stimulerande for at fleire grunneigarar og jaktlag vel å melde seg inn i bestandsplanområde.
- Det vil setje krav om ein skriftleg evaluering av årets jakt, årleg. Av evalueringa skal der framkomme korleis årets jakt bidreg til å oppfylle kommunale mål og måla i bestandsplanen.

Hjorteviltstrategi – Samnanger kommune – 2026 - 2035

- For bestandsplanområde vil det og vere krav om at den årlege evalueringa inneheld opplysingar over kva vald som har overført dyr mellom år og mellom ulike vald.

Avskytingsplan

Det skal følgje en avskytingsplan med bestandsplanen som minimum skal innehalde desse kategoria:

- Kalv
- Spissbukk
- Kolle 1,5 år og eldre
- Vaksen bukk

Kommunen oppmodar valda til å dele inn avskytingsplanen i fleire kategoriar, eller ved intern fordeling, til dømes med ei eiga klassifisering for ungvolle (om lag 1,5 år), lita kolle eller liknande, for å setje auka merksemd på uttak av yngre og mindre koller.

For reduksjonsperioden (som ein er i ved vedtakstidspunkt for strategien) kan fordelinga under nyttast rettleiande. Vidare følgjer tre døme på oppdeling av dyrekategoriene:

Eksempel 1		Eksempel 2**		Eksempel 3***	
Kalv	≥ 32%	Kalv	≥ 40%	Kalv	≥ 30%
Spissbukk	≤ 15%	Spissbukk	≥ 10%	Spissbukk	≤ 15%
Ung kolle 1,5 år	20% (18-22%)*	Ung kolle 1,5 år	≥ 20%	Ung kolle 1,5 år	18-20%
Vaksen kolle	20% (20-24%)*	Vaksen kolle	≤ 20%	Vaksen kolle	25%
Vaksen bukk	≤ 13%	Vaksen bukk	≤ 10%	Vaksen bukk	≤ 12%

*Eksempel 1: Ung koller 1,5 år og små ungvoller 2,5 år er prioritert å ta ut, difor høgt uttak i denne kategorien.

**Eksempel 2 er henta frå nabokommunen Bergen (kalv og ungvoller skal totalt utgjere minst 70%, totalt bukk maks 20%, totalt kolle minst 40%).⁹

***Eksempel 3 er henta frå nabokommunane Bjørnafjorden og Tysnes. Ung koller 1,5 år og små ungvoller 2,5 år er prioritert å ta ut, difor høgt uttak i kategorien vaksen kolle.^{10 11}

Avvik

Ved vesentlege avvik frå godkjend bestandsplan, målt i talet på felte dyr, kan kommunen seie opp planen. Kommunen kan då gå over til å tildele dyr etter alder og kjønn, jf. § 16 i forskrifta om forvaltning av hjortevilt, for å sikre at føresetnadene og intensjonane i planen blir oppfylte.

Dersom kvota blir overskriden ved slutten av planperioden, blir dette rekna som feilskyting og handsama etter viltlova § 48. Dyra – eller verdien av dei – blir då inndregne til fordel for kommunens viltfond.

⁹ <https://www.bergen.kommune.no/politikere-utvalg/api/fil/bk360/5508577/Mal-for-forvaltning-av-hjort-i-Bergen-kommune-2022-2025>

¹⁰ <https://bjornafjorden.kommune.no/landbruk-og-naring/landbruk/vilt-og-utmark/viltforvaltning/hjorteviltstrategiar-i-bjornafjorden-og-tysnes/hjorteviltstrategi-tysnes/>

¹¹ <https://bjornafjorden.kommune.no/landbruk-og-naring/landbruk/vilt-og-utmark/viltforvaltning/hjorteviltstrategiar-i-bjornafjorden-og-tysnes/hjorteviltstrategi-bjornafjorden/>

Kalv kan takast ut i staden for eldre dyr. Uttak av yngre dyr enn planen tilseier, påverkar heller ikkje kvota for neste år.

Bestandsplanområde som ikkje når dei kommunale målsetjingane for avskyting, og som over tid viser systematiske skeivheter mellom tildelte og felte dyr – til dømes ved å utnytte kalvekvotene for lite – kan få planen sagt opp. Det same gjeld ved skeiv fordeling mellom kjønn. Ved vurderinga tek kommunen løpande omsyn til avskytinga i tidlegare år i planperioden.

Alle felte dyr skal belastast tildelt kvote, med mindre slaktet er kontrollert og vurdert som uegna som mat av Mattilsynet.

Vald utan bestandsplan

Vald som ikkje er store nok til fleirårig tildeling (areal under 20 gonger minstearealet), får tildelt kvote etter § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt. Det vil seie kalv, spissbukk, voksen okse over 1,5 år og kolle over 1,5 år. Ved årleg tildelt kvote etter § 18 blir dyra fordelte på følgjande måte:

- Kalv: $\geq 32\%$
- Spissbukk: $\leq 15\%$
- Voksen bukk: $\leq 13\%$
- Kolle 1,5år og eldre: 40% (40-44%) *

*Ung koller 1,5 år og små ungkoller 2,5 år er prioritert å ta ut, difor høgt uttak i denne kategorien.

For små vald blir prosentfordelinga av tildelinga oppfylt samla over fleire år. Vald som får skjevt uttak mellom tildelte og felte dyr – til dømes ved å nytte kalvekvotene for lite – vil få høgare kalvekvoter ved neste tildeling. Tidlegare års avskytingar blir teke løpande omsyn til. Kommunen kan gjere avvik frå fordelingane dersom det blir vurdert som nødvendig.

Felling av skadegjerande hjortevilt

I særlege tilfelle, der andre verkemiddel er prøvde utan resultat, eller der det oppstår akutte situasjonar, kan kommunen vurdere skadefelling, jf. naturmangfaldlova § 18 fjerde ledd, eller gjennomføre uttak på eige initiativ etter delegert mynde, jf. naturmangfaldlova § 18 tredje ledd første punktum.

Kommunen har ein høg terskel for å innvilge skadefelling, jf. naturmangfaldlova § 18.

For at skadefelling skal kunne innvilgast, skal følgjande kriterium vurderast:

- Bestanden av aktuell art skal vere forsøkt redusert gjennom ordinær jakt:
 - Det er gitt 50 % dispensasjon frå minstearealet.
 - Jaktfeltet i det aktuelle valdet har felt tildelt kvote.
 - Jakta er retta mot det skadelidande arealet og nærliggande område.
- Gjennomførte skadeførebyggjande tiltak:
 - Det skal vere utført skremmetiltak som er godt beskrive, av eit vesentleg omfang, dokumenterte og vurderte som utilstrekkelege for å hindre skade.
 - Inngjerding av rundballar, attlegg, juletre-, frukt- og grønnsaksproduksjon.

Kommunalt viltfond

Det kommunale viltfondet er kommunen sine inntekter frå fellingsavgift og fallvilt. Bruken av desse midlane vert regulert av forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond § 5:

Fondet kan brukast til:

- *Tilskudd til tiltak for å fremme viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommuner gjennom samarbeid i regi av organisasjoner, enkeltpersoner eller kommunen selv.*
- *Å dekke kommunens utgifter til ettersøk og håndtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.*
- *Tiltak for å forebygge skader på landbruksnæring voldt av hjortevilt.*

Fondet kan ikkje brukast til:

- *Kommunal og fylkeskommunal administrasjon av viltforvaltningen (faste utgifter til lønn, møtegodtgjørelser, reiser mv.).*
- *Å erstatte skader voldt av vilt.*
- *Skuddpremier.*

Gjennom denne strategien legg kommunen føringar for bruk av viltfondet i høve til skader på landbruksnæring påført av hjort. Desse føringane er ikkje utfyllande men søknadar som er i tråd med føringane kan handsamast delegert medan søknadar som ikkje er i tråd med føringane vert lagt fram for politisk handsaming.

I samband med særskild avling som til dømes juletre, frukttre og grønsaker utover eige bruk eller rundt lagerplassar for rundballar kan det søkast om tilskot til oppsett av viltgjerde. Inngjerding gjeld berre avgrensa område og føremål med produksjon må vere kommersiell sal. Det vert ikkje gitt tilskot til gjerde for å hindra skade på grasproduksjon.

Det kan gjevast tilskot til materialkostnadane frå det kommunale viltfondet til:

- inngjerding av juletre-, frukt og bær- og grønsaksproduksjon – inntil 75 %
- inngjerding av attlegg med straumgjerde og lagerplass for rundballar – inntil 50 %

Maksimal tilskotsbeløp er på kr 30 000,- av materialkostnadane for inngjerding.

Vidare kan vald og bestandsplanområde søkje tilskot til kompetansebyggjande tiltak. Samarbeidsprosjekt vert prioritert i vurderinga.